



Intensjonsavtale

Samarbeid om kompetanseprosjektet MAKOMP

Inngått mellom MAFOSS, Stålhaugen 7, 6070 Ulsteinvik og

(Bedrift, adresse)

MAFOSS vart skipa i 1969 som ei interesseforeining for den maritime industrien på søre Sunnmøre. MAFOSS skal fremje ei positiv og konkurransedyktig utvikling i verfts- og leverandørindustrien i regionen.

1. Formål med avtala og prosjektet

Avtala er en intensjonsavtale med mål om å sikre samarbeid om fagressursar i næringa gjennom MAFOSS sitt kompetanseprosjekt MAKOMP.

Prosjektet skal leggje til rette for inn- og utleige av personell mellom bedrifter ved å skaffe oversikt over tilgjengelege ressursar. Formålet er å trygge arbeidsplassar, verne om- og utvikle kompetanse og slik sikre næringa betre tilgang til fagressursar.

2. Partane sine forplikingar

2.1 MAFOSS sine forplikingar

MAFOSS har ansvar for å sikre hovudfinansiering av prosjektet gjennom ulike samarbeidsavtalar og at vilkåra i desse avtalane vert oppfylt. MAFOSS skal i samarbeid med bedriftene aktivt søkje å ha best mogleg oversikt over tilgjengelege ressursar og leggje til rette for inn- og utleige av personell mellom bedriftene gjennom ei effektivt kopling av kvalifisert personell mot behov.

2.2 Bedrifta sine forplikingar

Avtala forpliktar ikkje bedrifta til aktivitet, men i legg til grunn ein solidaritet til prosjektet i den grad bedrifta gjer avtalar om leige av faste tilsette til/ frå andre bedrifter. Dette inneber at samarbeidsbedrifter forpliktar seg til å først vende seg til MAFOSS og bruke prosjektet ved behov for inn- eller utleige. Dersom prosjektet ikkje kan tilby den koplinga bedrifta treng står bedrifta likevel fritt til å inngå andre avtalar. Ved inngåing av leigeavtalar gjennom prosjektet skal bedriftene kompensere kvarandre jamfør eigen avtale om leige av personell signert av partane.

4. Varigheit og oppseiing

Avtala er avgrensa til testfasa i prosjektet. Testfasa går i utgangspunktet over eit år med oppstart hausten 2022, men med mogleg forlenging ut 2023. Prosjektet skal i siste del av perioden evaluerast for ei potensiell varig drift etter testfasa. Dersom prosjektet vert vidareført skal avtala reforhandlast. Avtala kan seiast opp skriftleg med umiddelbar verknad i tilfelle vesentleg brot på denne avtala frå ein av partane.

5. Kontaktpersonar med ansvar for å følgje opp avtala

For MAFOSS: Jannike T Skarbø, jannike@mafoss.no, 41323176

For (bedrift):

Stad/ dato _____

For (bedrift)

For MAFOSS

(Namn, stilling)

Jannike T Skarbø, prosjektleiar